

✓ & HDG

Saksid.: 16/834
28-April-2016
F-sak 14-16

1. Økonomi

Gjenverande oppgaver for økonomikontoret etter etablering av felles kontor for løn og rekneskap vil vere rapportering, økonomistyring, finansforvaltning og innkjøpsforvaltning. Innan økonomistyring vil hovudfokus vidare framover vere å få på plass nye rutinar for økonomisk internkontroll. Vi vil og styrkje resursbruken både innan finans- og innkjøpsområdet. ***Innkjøpspraksisen i kommunen må stimulere til meir miljøvenlege, innovative og lokale innkjøp.***

2. Den digitale kommunen

Det er utarbeidd ein felles IKT-strategi for dei kommunane som deltar i det regionale IKT samarbeidet (IKTNH). Planperioden er her 2015 – 2018. Planen er gjennomgått og forlenga til å gjelde ut 2019. Hovudsatsingsområdet i planen er Digital Dialog, som i samsvar med Stortingsmeldinga Digital Agenda peiker på at nettbaserte tenester skal vere hovudregelen for forvaltninga sin kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv. Det er ei stor utfordring for kommunen å skulle leve opp til dette målet. Arbeidet vil m.a. handle om å forenkle, forbetre og fornye ulike arbeidsprosessar i kommunane. ***Meland kommune må arbeide for å fremje samfunnsengasjement og demokratiutøving gjennom internett og sikre at heile kommunen har tilgang til internet.***

3. Arbeidsgivar startegi, med fokus på høgt nærværarbeid

Å jobbe for eit høgt nærvær (eller lågt sjukefråvær), vil vere eit svært viktig mål i planperioden. Eit høgt nærvær er gunstig for kvaliteten på tenestene, for kommunen sin økonomiske situasjon og for den enkelte medarbeidar. ***Meland kommune må difor arbeide for eit arbeidsliv som gjer det enklare å kombinere jobb, frivillig innsats og omsorgsoppgåver i familien.*** Arbeidsmiljøutvalet set kvart år måltal for sjukefråværet. Dei siste åra har dette vore formulert som «7% eller lågare». Planmessig arbeid på alle tenesteområda, med involvering av tillitsvalde og vernebod, vil vere ein viktig faktor. Alle aktivitetar innan HMT-området vil vere del av strategiarbeidet, og desse aktivitetane er nedfelte i aktivitetshjul for kvart år. Meland kommune er IAbedrift, der redusert sjukefråvær er eitt av 3 delmål. Ulike tiltak og strategiar er nedfelt i 2-årige handlingsplanar.

5. Miljø

Auka bruk og utbygging legg meir press på areala i kommunen, det er difor viktig at naturmangfaldet vert ivaretatt gjennom god planlegging ved ny eller endra arealbruk. Kommunen skal leggje til rette for eit langsiktig og berekraftig landbruk for framtida, samtidig som ein tek vare på det varierte kultur- og naturlandskapet. ***Alt landbruk må produsere trygg mat med minst mogleg belastning på natur, klima og ressursar.*** I kommunen finn vi fleire artar og naturmiljø som har stor lokal og regional verdi, kommunen vil jobbe for at desse vert ivaretatt og kan vere ein verdi for framtida. Meland har eit variert landskap og mange ulike livsmiljø. Meland kommune må sikre at det biologiske mangfaldet og naturmiljøet vert ivaretatt gjennom berekraftig bruk av naturen og naturressursane. ~~Det grøne skiftet må starte i kommunane.~~ ***Meland kommune må sikre gode vilkår for næringslivet både for å starte opp bærekraftige bedrifter og prosjekter.. Aukande ekstremver gjer det naudsynt for kommunen å ha ein tilstrekkeleg beredskapsplan og vere godt nok rusta for klimaendringane. Omsyn til klima og miljø må vere forande i alle andre kommunale planer og all kommunal.***

[Handwritten signature]